



Containaren er framleis på vandring – kvar er neste stopp?

**For ei god stund sidan skreiv uskedalen.no om ein hyttecontainer på vandring. Her skal vi berre melda at containeren framleis er på vandring. Men den har ikkje flytta seg så langt denne gongen, berre nokre meter innover Børnesvegen.**

Til gjengjeld står han eit stykke ute i vegen, for liksom å markera seg og frista dei som vil nytta han. Sist vandra den berømmelige containeren frå Sandakaien via Grana til hyttedunkane i Børnesvegen. No ventar mange spent på kvar vandringa vil gå vidare. Hyttefolket har utan tvil ei von om at vandringa vil gå attende mot dei meir sentrale delane av Uskedalen så dei slepp å dra nesten til Børnes. Har nokon eit godt framlegg om den neste og kanskje den siste stoppestad? Og kven tar ansvar for neste etappe i den spanande container-vandringa?  
Matti